

Søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for gjødsel

Det er ikkje tillate å spreie nokon form for gjødsel på innmarksbeite utan at det er godkjent av kommunen.

1. Fyrst må innmarksbeitet vere godkjent av kommunen (liggje som innmarksbeite på NIBIOs gardskart.no).
2. Innmarksbeitet må godkjennast av kommunen som spreieareal for gjødsel.
3. Det må takast jordprøver, og innmarksbeitet må inngå i brukets gjødslingsplan.

Søknaden sendast til kommunen der driftssenteret er plassert. *Kommunen kan godkjenne gjødsling der det er ønskeleg, og avslå for areal der det ikkje er ønskeleg med gjødsling. Gjødsling av innmarksbeite kan vere viktig for å sikre god beitevekst, men ein skal òg ta omsyn til vassmiljø og område med biologisk mangfald. Du kan ikkje spreie gjødsel nærare enn 6 meter frå vassdrag, og berre på areal som framleis er innmarksbeite.*

Mineralgjødsel: Frå 2025 er det innført krav om godkjenning òg for bruk av mineralgjødsel på innmarksbeite. Dei tre første åra kan du likevel spreie mineralgjødsel på innmarksbeite som er oppført med mineralgjødsel i gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Frå 2028 kan du ikkje spreie noko mineralgjødsel på innmarksbeite før godkjenning.

Grunnopplysingar			
Organisasjonsnummer	Føretakets namn	Gnr./bnr.	Kommune
Etternamn		For- og mellomnamn	
Adresse	Postnr.	Poststad	
Telefonnr.		E-postadresse	

Gjeld søknaden godkjenning for bruk av berre mineralgjødsel?
Gjeld søknaden generell godkjenning for både husdyrgjødsel/biorest og mineralgjødsel?

Søknad om godkjenning av innmarksbeite					Tidlegare praksis	
Teig	Ca. dekar	Planlagt beitebruk (dyreslag, ca. antal og ca. tid)	Gnr./bnr.	Type gjødsel	Husdyr-gjødsel/ biorest	Mineral-gjødsel

Korleis skal husdyrgjødsla spreiaast?

Dato og stad:	Underskrift
---------------	-------------

Naudsynte vedlegg:

- Kart der det aktuelle arealet er merka. Informasjon om kva gjødselslag du søker om å bruke på ulike areal må kome fram av kartet som du legg ved søknaden.
- Gjødslingsplan frå 2025 eller 2026. Dette er aktuelt uansett kva godkjenning du søker om. Dokumentasjon og kommentarar om tidlegare gjødsling på beita er relevant for kommunen sin vurdering.

Framgangsmåte for å lage kart:

- Gå inn på <https://gardskart.nibio.no/>
- Søk opp kommune og gnr/bnr, evt. Legg til fleire eigedomar
- Gå til Teikne/måle, Flate:
Merk aktuelt areal ved å venstre-klikke med mus, dobbeltklikk for å avslutte flate
- Trykk Lag pdf for utskrift / lagring: Velg kartutsnitt og finn beste målestokk. Dra den gule firkanten slik at den dekker aktuell innteikning.
Velg Avansert gardskart for val mellom ståande og liggande format
- Trykk lagre fil for utskrift Du får då en pdf som du lagrar på eigen pc
- Last pdf av teigen opp i søknaden

Heimel

Jf. § 17 i forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. Spreiing av gjødselvarer kan berre skje på fullldyrka og overflatedyrka jord. Ein kan også spreie på innmarksbeite **etter** godkjenning frå kommunen. Kommunen skal i sin vurdering legge særleg vekt på kva verknadar gjødslinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar, og om gjødslinga kan skje på ein forsvarleg måte.

Jf. § 18 om *vegetasjonssone som er bandlagt mot spreiking* blir det stilt krav om å halde minst 6 meter avstand til vassdrag for alle gjødselslag ved spreiking i innmarksbeite.

Jf. § 20 om *avgrensingar for tilførsel av fosfor på jordbruksareal* kan ein ikkje tilføre meir enn 2 kg fosfor per dekar innmarksbeite i løpet av eit år.

Jf. § 36 om overgangsreglar punkt 2. omhandla *beite godkjent som spreieareal*, og fastslår at for areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikkje behov for ny godkjenning. Mineralgjødsel kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødsel på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen ha godkjent innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødsel.